

Årsmelding 2025

til andrewkroglund@gmail.com, der dere fyller inn følgende skjema:

Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms

284 medlemmer per 31.12.2024: 284

Styremedlemmer: Torstein Arntsen, Synnøve des Bouvrie, Ingunn Elstad, Inger Pauline Landsem, Grete Mathiesen, Ildri Olaisen.

Hovedaktiviteter/møter/arrangement 2024:

Klimakafe- uformell samling kvar 14. dag, med diskusjon av eit tema, av og til besøk.

Samarbeid med organisasjonane Nei til atomdrevne Militærfartøy i Tromsø og hos Fredsuka i Tromsø. Toril er med i styret for begge.

12. februar. Ope møte med føredrag av PhD studentane Koen van Greevenbroek og Martin Haug: «Batterier og energilagring mot et nullutslipp-Europa - et fokus på mineraler». Deretter årsmøte.

8.mars: Deltok på Kvinnedagen med parolen: Klimaendringene raserer livsgrunnlaget - klimahandling nå!

BKA gjekk inn i «Tromsø klima- og naturallianse» av miljøorganisasjonar som skulle jobbe med klimapolitikken i Tromsø kommune. Torstein Arntsen var vår representant i styringsgruppa til alliansen.

06.04: Stand med medlemsverving.

Jernbanegruppe danna i lokallaget. 22.04 skulle Nord-Noregbanen opp i Stortinget. Fleire reiste til Oslo til felles markering framfor Stortinget med dei andre jernbanegruppene med musikarar. Same dag hadde vi stand i Tromsø for å følgje opp og verve nye medlemmer.

Vi deltok i feiringa av 1.mai i Tromsø, med klima- og jernbaneparolar.

21. mai: Klima- og naturalliansen arrangerte folkemøte med Tromsø kommune om planen for klima, miljø og energi 2024-2032.

28. mai. BKA arrangerte ope møte: Melkøya, klima, og livsgrunnlaget her nord. Innleiarar var Kjell Magne Derås frå Naturvernforbundet i Finnmark og Ingunn Elstad frå BKA.

Sametingspresident Silje Karine Muotka sendte ei fin videohelsing til møtet.

20. juni: Utbygging av alpinanlegget Arctic senter i Finnheia er aktuelt igjen. Stand med eigen løpesetel om Finnheia, og medlemsverving.

17. august: Vi deltok med stand på Bakgårdsmarkedet i Harstad.

3. september tok medlemmer i Jernbanegruppa initiativ til spontandemonstrasjon på flyplassen, der samferdselsministeren var og feira opninga av ein ny terminal. Vi snakka med han om bygging av Nord-Noregbanen, og om dei aukande klimautsleppa frå flytrafikken, og fekk bra mediedekking.

Natur og ungdom starta underskriftskampanje for å få stoppa utbygginga av Arctic Center. Vi deltok i Frivilligheitsdagen 7. sept. og samla inn underskrifter mot utbygginga.

21.-26. september arrangerte Fredsinitiativet i Tromsø Fredsveka.

Fleire møtte på rådhuset i Tromsø med røde hattar 31. oktober, då Kommune- og byutviklingskomitéen behandla Artic Center. Klagen frå grunneigarar og reindrifta vart avvist, og Natur og Ungdom vart nekta å snakke til møtet i forkant.

24. oktober deltok vi i BKA sin landsomfattande aksjon for klimarettferd. For første gong fekk vi ha stand på ein populær kafe i Tromsø, og møtte mange interesserte. Vi hadde også markering saman med Natur og Ungdom framfor domkyrkja i Tromsø.

21. november arrangerte vi ope møte: «Hva gjør klimaet med naturen i nord?» Det var musikalsk opning og føredrag ved professor Rolf Anker Ims, og prorektor Jan Gunnar Winther, begge Universitetet i Tromsø. God diskusjon.

Aktiviteten i Arctic Center-saka i Tromsø heldt fram. Ei styringsgruppe oppretta Spleis for å få advokathjelp. På vegne av to reindriftssiidaer og dei frivillige organisasjonane sendte advokaten ei omgjeringsbegjæring til departementet 13. desember. Besteforeldrenes klimaaksjon, både nasjonalt og lokalt, er med. Advokaten leverte begjæringa om omgjøring

Mange medlemmer har skrive lesarbrev i avisene. Inger Pauline har laga lokal vervebrosjyre og oppretta facebook-gruppe for lokallaget.

(Kulepunkter, og maks 2000 tegn).

